



Petter Uteligger bad oss sjå våre medmenneske og bry oss i lokalsamfunnet.

**350 menneske fekk eit sterkt møte med Petter Uteligger i dag i Kulturhuset Husnes. I 90 minuttar og det utan manus fortalde han levande om den store inkluderingsdugnaden, ein dugnad som berre går og går utan ein slutt. Mange frå Uskedalen sat i salen, anten som arbeidssøkjar, som lærar, som kommunetilsett eller som representant frå ei verksemd som har høve til å hjelpa dei som prøver å koma tilbake i arbeid. NAV Sunnhordland med god støtte frå NAV Kvinnherad var tilskipar.**

Petter Nyqvist har vore på mange reiser og ekspedisjonar. Den indre reisa tok til då han ville filma og dokumentera møte med menneske i ulike situasjonar. Ei formidling av alle inntrykka førte til ei endring i livet hans frå å vera noko om dei andre til å bli ein del av han sjølv.

52 dagar på gata i Oslo utan mobil, mat, seng, pengar og kontakt med familien var ei tøff oppleving på det mentale plan. Ein må leva i miljøet for å kunna forstå og syna ein inderleg empati. Svein vart ein av hans mange vener. Saman var dei ei støtte for kvarandre. Det handlar om ådela, sjå, syna respekt og vera audmjuke i møte med menneske som er annleis og som ufrivillig er utanfor alt sosialt fellesskap og arbeidsliv.

I ein filmsnutt til innleiing fekk vi glimt frå eit inkluderande arbeidsliv i Kvinnherad. Dagleg leiar i Dimmelsvik Bil, Bernt Bjørsvik, stod fram med gode tankar og røynsle frå det å sleppa arbeidssøkjande personar inn på prøve i verksemda. Det vert ofte ein vinn vinn situasjon både for arbeidaren og for verksemda.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Knut A. Myklebust